

## Gymorganisering på Sagstad Skule:

Problemstilling per dags dato:

- Det er for mange elevar i hallen samtidig. Sjølv med nok vaksne er det for mange menneske i hallen på same tid (mellanom 50 og 70 elevar). Årsaken til dette er at trinna på Sagstad Skule veks for kvart år, og vi har i dag trinn på opptil 70 elever som har gym på same tid.
- Halltida og organiseringa vi nytter i dag, er den same som vart nytta då trinna var frå ca. 35 til 45 elever pr trinn.
- Dette gjer at det også er for mange elevar i garderobane samstundes.
- Fleire trinn har gym parallelt.
- Hallen kan ikkje delast i meir enn 3 «båsar», med eit forheng mellom kvar, ikkje reelle veggjar. Dette gjer at støyenivået gir uhaldbare arbeids- og undervisningsvilkår for både lærarar og elevar.
- Utstyret i Meland Aktiv strekker ikkje til med så mange elevar som skal ha gym samstundes.

Konsekvensar av dette:

- Utrygge elevar i garderobane + kaos i garderoben, ingen vil dusje.
- Svært vanskeleg å vurdere elevar når det er så mange i kvar «bås».
- Lærarane føler dei ikkje strekk til.
- Vanskeleg å tilpasse undervisning
- Vanskeleg å gi instrukser
- Uhaldbar støy for både for store og små gjer at mange elevar ikkje likar seg i gymtimane lenger, og at vaksne kjenner at gymundervisning gir ei uforhaldsmessig belastning i kvardagen.
- Lærerne blir utslitte og elevene trives ikke i gymtimene.
- Elevar må nytte garderobar som er meint for treningsrommet. Der kan det kome framande vaksne inn når som helst.

Løysninger:

- Vi ser *ikkje* på fast utegym som et alternativ. Det vil ikkje vere mulig å følge årsplanen med tanke på idretter og utstyr ute i all slag vær og forhold. Per i dag har alle klassar på 5-7 trinn allereie fysisk aktivitet utendørs.

- Etter samtale med Trond Egil Soltvedt vil vi få svar om byggeprosess av fotballhallen etter 29.mars. Om de får tillatelse å starte bygging vil den stå klar i løpet av aug/sept 2018. Å bruke ein slik fotballhall, vil gjere det mogleg for store trinn å ha gym samstundes, men fordeles på to hallar.
- En fotballhall har ikke alt utstyr vi krever, men mye av det vi skal igjennom på årsplanen kan gjennomføres der. Det vert litt ekstra organisering, men vi ser for oss at vi kan lage ein plan for bytte mellom elevgruppene som har gym i Meland aktiv og i fotballhallen, slik at alle elevane kjem gjennom heile årsplanen i løpet av skoleåret. (fordelen med den nye hallen er at vi får fordelt elevane på fleire garderobar, noko som vil hjelpe på garderobesituasjonen i Meland Aktiv).
- Kultursalen i Meland Aktiv er stort sett ledig i undervisningstida vår. Her kan vi også gjennomføre ein rekke aktiviteter på årsplanen. Denne salen er per dags dato ikkje med i leigeavtalen med kommunen.
- Dersom kultursalen og ein eventuell fotballhall vart tatt med i leigeavtalen med Meland Aktiv, slik at vi kan nytte både kultursalen og fotballhallen som skal komme, samstundes som vi har tid i hallen i MA, ville det hjelpe mykje på den støyen og det kaoset vi opplever både i storhallen og i garderobane slik det er i dag.